



**Sakshandsamar Jon Harald Kjærland i kommunen har no opplyst at SPAR må rekne med ei ventetid på inntil 8 veker før utvidinga av butikken vert vurdert og handsama. Grunnen er ferieavvikling og stor pågang av nye saker.**

Kjærland bekrefter samstundes at kommunen har motteke rammesøknad og manglande opplysningar og at søknaden synest no komplett. Den vart for ei tid sidan returnert med visse manglar.

uskedalen.no har spurt dagleg leiar Bente Nilsen om den lange ventetida er ein ålvorleg strek i rekninga og betyr problem for Nilsen Eigedom og SPAR.

- Nei, slett ikkje. Vi har vore klar over at handsaminga kom til å ta noko tid. Vi reknar med at dette går greitt når handsaminga først kjem igang. Og vi kan gjera mykje før det skjer. Vi er fornøgde med å koma igong ein gong i haust. SPAR har jo trass i alt ein butikk i drift som er ope kvar dag trass i utvidinga som er på gang, seier Bente Nilsen.

Skissa over viser utnyttinga av tomte etter at prosjektet er gjennomført. Som ein kan sjå vil heile området mellom den nye butikkdelen (markert med utviding butikk) og det kommunale arealet nord for Gamleskulen bli utnytta til parkering. Det er markert i overkant av 50 parkeringsplassar her og i bakkant og foran butikken.

Det er også markert ei utviding med 2 meter av vegbreidda inn på kommunen sitt areal. Prosjekt Konsult Kvinnherad på Husnes har ansvaret for planleggjing og prosjektering.

Av Ola Matti Mathisen